

Brøytestikker kjem heilt til topps

24.10.2013

Møyfrid Kristoffersen har spurt kommunen når den vil setta opp brøytestikker på dei siste 900 metrane sine oppe i dalen i år. Ho har peika på at dette er den strekninga på dalavegen som er brattast og har mest snø og is.

Øyvind Hardeland i tekniske tenester har svara at stikkene kjem på plass i løpet av seinhausten. Det er lettast og mest effektivt med frost i vegkanten då dei vert bora fast.

Møyfrid har også peika på at det var ein stor skade rett før Friheim i fjor vinter på grunn av frosten og den gjorde det farleg å køyra der for både bilar og bussar. Den er ikkje reparert og ho vil veta når det skjer.

Hardeland svarar at dei vil freista å reparera før vinteren, men først har dei nokre stikkrenner som må skiftast ut og reparerast.

Av Ola Matti Mathisen